

Til

Norsk Etnologisk Gransking,

Bygdøy.

Etter opdrag av cand fil. Andreas Ropeid sender eg hermed svar på spørsmål i Emnenr 23.

Dei andre bokane lyst venta til eg finn fleire gamle å spyrja ut, helst man nfolk når det gjeld korn o.likn.

Eg sansa ikkje at det fylgde papir med som dette, so eg brukar feilagttig ark med "hovud" på. Vonar det er brukeleg.

Eg prøvde ta avskrift av det eg skreiv, men eg fekk ikkje maskinen til, kanhenda er han for sletten. Von leg har de flinkare maskinskrivarar enn meg so de kan ta avskrift.

Det ein svarar på vert ofte noko skjønsmessigt avdi so mangt er litt uklårt og serleg det med årstal når sed og skikk skifter, det går aldri so regelrett eller so brått for seg med slikt. Folk her har vore mykje ute og ferdast, på fiske, ute i tenest på Jæren og Øyane, sidan mykje til Amerika so dei var ikkje nett heimfødinagr.

For 30-40 år sidan kom storindustrien til bygdar og det gjør at gamal bondesed vart forare brigda her enn sume andre stader. Folket tok etter dei framande i mangt.

"en sumt har helde seg t.d dei nasjonale matslagi, dei er gjeve ~~et~~ endå i bruk.

Saudasjøen den 2/10 1953

Vyrdsamt Dorthea Rabbe  
husmorskulestyrar h.v.

Dorthea Rabbe

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sauda

Emne: Bordskikk til kvardags

Bygdelag:

Oppskr. av: Dørthea Rabbe 61877

Gard: Ringhagen

(adresse): Saudasjøen

G.nr. 20 Br.nr. 23

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

~~Mest eige røynsle, noe etter Gurine Saua, 82 år no, og  
Samuel Tveit, 87 år no.~~

## SVAR

- Sp 1. Ein sat med langbord fyrr, no med klaffebord eller moderne "spisebord".
- Sp 2. Det er vanleg no som fyrr å sitja alle med eitt bord.
- Sp. 3. Husbondfolk og tenarar har alltid sete ved same bord. Gardane er små og då har det jammast vore berre ei taus, ein dreng, berre få gardar hadde fleire. Det vilde vera upraktisk å sessa tausen elles r drengen for seg. Tenarar har alltid sovidt me veit vore sone medlem av familjen. I unner og i skogsarbeid var det gjerne fleire leigefolk, men alltid sessa ved same bord.
- Sp 4. felle burt.
- Sp 5. Når det er stort kjøkken et ein ofte der serleg um sumaren. Dessuten flytte ein ofte til eldhuset med matstell og eting um sumaren, det sparar reinhald i huset og var meir einfald då husmori attåt koking måtte vera med i slatthen og høia. Alle måtte hjelpe ute i onnene. Dessutan var det lær i bygdi skikk i tidi 1870 - 1910 - 20 å leiga burt stovehuset til byfolk med sumaren og dei sjølv måtte flytta ut i løda eller på andre uvande uthusstader. Iminsto flytte dei ute stovene sine og oftast også kjøkenet. Etter her kom store fabrikkar og gardsbruket kom i ei bakevja då bøndene også tek arbeid i industrien er det heilt slutt med å leiga heimehuset ut til framande. Alle har det på bymanér innahyses no.
- I kvardagslaget et mange, serleg dei små familjene, på kjøkenet som no er eit moderne og velutstyrt rom.
- Sp 6. Ein et i stova med søndagane og når det er framande og når det vert for kaldt på kjøkenet. Elles kan skikkane ymsna, det er ikkje fast skikk med stort nekonting no lenger.
- Sp 7. Husbonden har i regelen sin plass ved høgabord og kona nedst ved bordet. Borni innimellom. Tenarar gjerne noko nede ved bordet.
- Sp 8. Borni har ikkje brukt å stå ved bordet utan det ikkje var stolar eller skamlar som høvde dei. Og i meir fatige hus stod dei i skort av sete, sume sat no på fanget til far og mør, dei minste då.
- Sp 9. Det er lite snakk om høgabord og høgsete no, men husbond set no ved øvre ende av bordet. Sume sa at høgste romet var der ein snudde ryggen til spegelen. Og denne var vel oftast ophengt i glasposten som gjerne var nokso breid. "en dei hermer etter høgvyrde folk: "Der pispen set er høgaste kor han so set".
- Sp 10. Plassen helst som før med høgabord, men også bryskikk er kome inn med at fin plass er ved husmori si sida nedst

8231

ved børdet og rømet ved siden av husbonden øvst før nest høgste gjest.

Sp 11. Ein vaskar gjerne hendene fyre børdsæta når ein har hatt eit skite arbeide, men ikkje elles. Nø etterkvart vert det meir vasking både av krepp og klær og hus, men inkje fast regel med håndvask fyre maten. Børni vert ofte tilheldne å vaska hendene fyre måltidet.. Både vaksne og børn tek av seg hua når dei set seg tilbords i alle hus med litt folkeskikk.

Sp 12. Alle åt av samme fa t eller fater fyrr i tidi, supa og graut. Skikken heldt seg til ikring 1900, sume stader endå lenger. Ein hadde kvar si mjølkeskål um ein hadde sams grautfat.

(ballen) Skåli var av steinty i seinare tid, fyrr truleg av tre.

Då i åt elles maten ofte utan veta attåt fyrr, serleg børn åt turrt. Ein tok ei grauttugga og duppa i skyrskålå..

Ein ét for det meste graut på same vis endå. Berre finare graut set ein fram med raud saus eller sotmjølk til å slå over.

Kvar sin drikkekopp eller skål var brukt fyre kaffien kom.

Sp 13 Nei eg har ikkje høyrt gjete at folk sette gryta på børdet, ein hadde store fat eller små tretrog til å ausa maten op i, t.d det vanlege kjøt og sodd(kjøt og supa).

Fisk hadde ein på trefat og smøret til på smørstett eller bråna fett i ei skål for seg. Ein bad sjeldan framande med til eige bør, først i notidi er det blitt skikk, men ein legg nø gjerne ein duk på børdet og fiffar på eit eller anna.

Nø har ein jammast so god og vellaga mat at ein kan ta ein gjest med tilbords. Men so var det ikkej fyrr. Um dei sjølve åt kjøt og sodd koka dei kaffi og klinde ein lefseleiv eller steikte litt vafler til gjesten og sette fram det gode ein hadde i huset.

Sp 14 Ja, ein åt bete fyrr i tidi og heilt til før eit sneis år sidan. Ein braut opp flatbrødet i høveleg stykke og hadde fyst litt smør, på om det var fiskemiddag eller gjerne berre fett eller høkka( potetstappa) før å spra smøret, so la ein den reinska fisken på og so oppå den att eit par stykke flatbrød og so beit ein til. Bete brukte til allt suvl, kjøt, fisk, flesk, sild.

Bete spara suvlet so det var lenge fyrr ei husmer tykte det var fin skikk å setja seg til å eta maten utan brød til, for fløtt liksom. Nø bit dei gjerne i ein flatbrødbete ved sida av maten som er opskoren på tallerken, men det er ikkje for å drya suvlet,

Sp 15. Fyrr brukte ein ofte litt kandis eller brendt sukker til kaffien og då tok ein den ved sida av, ikkje rørte han ut i koppen. Nø er det ikkje helden for so fin skikk og ta sukken molen i handi og drikka kaffien med sukkerrbiten i munnen.

Sp 16 Det var skikk fyrr å drikka kaffi av tefatet (skåli), men ikkje no lenger. Når dei gamle gjorde det var det førdi dei rekna det før skdeleg å drikka noko regtigt varmt, dei svala drikka med å slå på tefatet. Også både kopp og fat var fyrr mykje større enn no og kaffien kolna då egso seinare.

Sp 17 Sjølv hugsar eg berre eingong eg kom til børds, det var i ei likferd på ein noko avsides gard, der me skulde eta middagsmat utan gaffel, det var ikring 1890. Eg vart so haddefallen og visste ikkje kørleis eg skulde få kjøtet i meg med kniv. Men eg såg på dei andre og såg det gjekk ufårleg før seg. Men dei kunde kunsti å ikkje skjera seg om dei stakk kniven i munnen.

Me sat med langbord og defstørre, fleire, fat med kjøt og sodd.

DEi vaksne mannfelki hjelpte meg med å fiska opp kjøtstykke or dei djype fati og so la me kjøtet, feitt sauekjøt, på brødet og åt vanleg bete. Kanskje hugsa om det var poteter til.

Heimanfrå var eg vane gaffel difor står dette gaffellause måltidet meg so friskt i minne. Gaffelen var då kómen i bruk i sentrum av bygdi, før Gurine Saua, fødd på garden Saua, segjer ho mintest ikkje dei åt utan gaffel. Gaflane var små med tri eller fire ongar og av jarn med treskaft eller beinskaft..

Ein kan truleg segja at gaffelen var heilt vanleg stutt fyre 1900.

Sp 18 Ja mennene brukte tollekniven sin ved børdet før ein 60-70 år sidan. Folk hadde ikkje so mange bordkmivar den tid.

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av:

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

4.

## SVAR

Kvinnen brukte "junge" eller "jøssbråt" d, v, s ein liten kniv laga av spissen på ein ljå og stykken inn i eit svarva eller fyreseggjort treskaft. So var det gjerne nokre få vanlege børdknivar, nokså simple. Etterhand so kom det børdknivar til kvar øgse, men det gjekk smått i fatige heimar.

Sp 19. Alle hadde kvar si skjei sovidt eg har hørt og sett, det var små nette, fint arbeidde treskeier eller horn.

Hornskjeier var best å eta med, dei var litt breidlagde, ikkje så spisse som sylvskeiene t.d. Sume skjeier var merkte med navn og serleg mannen var nøgje på å få sjeigi skei, det er vane og det var etta med same skeii. Sidan kom simple jarnskeier med litt fortinning på, deretter alluminiumsskeier og stål.

Sylvskeiene var helst gøynde til framande, før litt sylv hadde dei fleste, og på dei største gardane var det gjerne mange, For allt av sylv var rikdom, betre enn papirsetlar.

So langt eg minnest har skeine vore vaska til kvart mål. Men <sup>je</sup> ~~nokre få~~ eg veit at inntil 1880 åri var det ~~sume~~ som hadde skeiene i eit lite stativ ved høgabord der kvar skei hadde sin plass og at skeii berre var vel avsløkkja fyrr dei sette henne burt.

Då kvar hadde si eigi skei var det ikkje så usanitert som ein gjerne vil tru. Nø er det bruka sylvplett og andre meir og mindre ekta metallskeier og alle vert vaska til kvart mål allelestadre.

Sp 20.

Ein tek til med steintytallerkar i 1860 -70 åri her.

"en graut åt ein gjerme av sams fat enda. I stadenfor flate tallerkar til fisk og anna brukte ein tretallerkar fyre steintyret vart vanleg.

Og sume hadde frå ekte re tid nokre tintallerkar. Støre timfat fanst også i betre hus. Dei brukte ein til å leggja lesa og kaka på. Sume fat var litt djupe so ein ofte fyllte botnen med rauddravle (gøme) og oppå der la ein lesa og vaffelkaka, på toppen nokre kransar eller småkaker. Ærlig brukte ein i stadenfor tallerkar fyre 1870 åri berre eit stort stykke flatbrød ved kvar manns plass og på det la ein so suvlet og laga etterhand bete.

Både suvl og brød var eitla, (rasjonert) i eldre tid.

No er det forlengst slutt.

Sp 21.

"ei ein brukte berre kvitskurt børd fyrr i tidi, sidan kom veks = duken som enno er det vanlege på eit kvrdagsbørd hjå den jamne mann.

Kvit duk la ein på til framande og ved veitler og høgtider.

I det seinste er kvit linduk tildels brukta også i dagleglaget.

I hus med børn er likevel veksduken alltid vanleg. Børdi er finare og ein treng duk før å spara børdskiva, børda er måla eller polerte..

Sp 22 ell burt.

Sp 23 I tidlegre tid vart maten som ovanfor nemt uteitle til kvar, men i dei siste 50 -70 åri er det slik at alle forsyner seg etter trøng. Men likevel er det ofte og har vore so at husmori har vore den som har teke det ringaste kjøtstykket og nøgd seg med det som vert tiløvrs. Eit døme frå ikr. 70 år sidan i eit få ig husmannsheim med mange børn. Mannen sat først åleine og åt, so børni, tilsist mør med det minste på armen. Og det var ikkje alltid he nett vart so overmett. Børdet var lite og børni mange, difor venteleg desse opdelte børdsetene.

Og dessuten måtte mannen få det beste. Slik var sjølv sagt ikke skikken i betre heim med rundelegr nedslakta og salta mat.

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne :

Bygdelag :

Oppskr. av:

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

## SVAR

Sp. 24.

D<sub>a</sub>n mat som vart uteitla fyrr i tidi var først og fremst kjøt og flekk og smør, tildels øgse flatbrødet.  
 Til jul når ein baka meir ekstra vart det gjerne laga mindre kaker (brød med gjerne litt sirupp i og noe fint mjøl) og skift ut til kvar ein, øgse til børni. Det som vart uteitla rådde dei fyre og kunde gjøyma eller bruka som dei vilde.  
 Lefsa som er dyr mat vart ofte eitla ut.

(Lessa er ufullen her)

Sp 25

Persjonane var ulike før kvinner og menn, mindre før dei siste og før mindre børn sjølv sagt.

Sp 26 Barn greier seg sjølv ved bordet når dei er omlag 4 år.

Mori hjelper barnet jammast, sumtid øgse eldre sysken.

Sp 27.

fagg  
 Ja, ein tygge mat til spebørn svært ofte, mest mori. Men endå til ein mannleg tenar i huset hjelpte til med å tyggja sumetider. Det har hendt til burtimot 1900 på einskilde stader, ein kan ikkje kalla det regel.

Sp 28.

Det har vore skikk å lesa stillt før maten fyre og etter.

Men er det høveleg store børn i huset plar desse lesa høgt,

iminste i heimar som held på gammal skikk og er religiøst

innstilt.. I sume kristelege heim les tildels husfaren høgt

den kjende børdbøni : I Jesu namn går vi tilbords osb.

Når det kjem framande har børn lite hug å lesa bordbøni høgt.

Sp 29

En prata lite under måltidet fyrr. Nå er dette brigda ikkje lite, endå til børn blandar seg i samtala og fører gjerne det store ord. Fyrr i tidi måtte børn tegja..

Sp 30

Ja ein lø helst ikkje ved bordet eller ~~sajua~~ nokleis, det skulde på ei vis vera ein stille høgtidleg tone over måltidet. Og ålvor som til noko heilagt. Sjølvsagt er allt onnorleis no. Ei herme: som kanskje er ålmenn for det eg veit: "annen visste ikkje at kona hans var gali fyrr ho song ved bordet ~~eller~~ når ho åt."

Sp 31.

Sjå ovanfor. No er det vanleg å syngja bordvers fyre oge etter måltidet der fleire sit saman, små gjestebod og større i kristelege heimar. Ein syng ikkje berre dei gamle salmeversi, men svert ofte t.d. "Himmelske fader, herleg utan like(Blix)

Sp 32

Det har vore rekna for god folkeskikk å venta med bordet til alle var ferdige med etingi.

Sp 33.

Ein segjer ofte takk for maten både born og voksne der det enno er litt av god bordskikk tilbake, ein segjer det berre uti veret, ikkje til nokon einskild. ~~Hanhenda husmori~~ ikkje segjer det alltid, men mann og born og tenrarar.

Sjølvsagt er skikken lik i alle heim i dette stykke heller.

Sp 34

Framande sa fyrr og til dels enno når dei kom inn med folk sat tilbords: Signe maten eller Signe spissen!

Sp 35. Ein ein ba ikkje ein framand med seg tilbords fyrr slik utan vidare og slettikkje um det var nære grannar.

No i det siste kan det slumpa at ein bed ein gjest tilbords med same.

Sp 36. I gamle dagar til ikr 1900 var det skikk bjoda mjølk å

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av:

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

å drikka når det var farande folk. Ein baud fram mjølki i ei stor fin steintyskål jannast. Sidan vart det gjerne glas og mugga.

Og kaffien kom det også meir i bruk å traktera med.

"en det gamla var at ein alltid skulde bjoda godt drikka til folk som hadde ferdast eit stykke veg. *Ein baud sotmyjell*

~~ei~~ og dram kunde det også henda det baud på serleg når det var forretningar gjestindi galldt.

Sp 37.

Ja, ein framand fekk helst ekstra trakement både fyrr og no.

"en det kan godt koma folk innom ein heim utan å få noko

ogso. Det kjem berre an på kva gjest det er, kormykje ein treng ~~ha~~

heidra han, kjære gjester av slekt og vene og langreisande

vert synt større vyrdnad enn dei ein jamt ser.

Sp 38 .

Nei, det har ikkje vore skikk å la kjelen stå på heile dagen

i ordens hus. Nō for tidi er ein svert vyrk um å ha rein kjel

og kaffien nykokt eller trekt. Ein er ikkje pliktig um ein kan sega

det slik å setja fram kaffi til alle som kjem.

Sp 39.

Ein kan godt i vår~~et~~ tid by ein gjest til bords i eit fint kjøken.

~~ein~~ *din tid*

Fyrr gjorde~~et~~ det ikkje. Og gjesten vart oftest sett åleine

ved bordet medan husfaren heldt selskap på avstand.

H, smori gjekk til og frå med opvarting. Borni gløste i kvar si kro.

Sp 40.

Det har vore skikk å la seg nægja med å ta til seg, og god skikk å vera tilbakehalden, forsyna seg lit<sup>el</sup>og fint.

Mangetider åt dei seg mest ikkje mette dei framande. Men dette er no avlagt, alle ét som om dei var heime, utan regtig gamle og gamaldagse folk. Mange bed gjesten å forsyna seg mange gonger under måltidet so den gamle skikken har helde seg meir enn dei fleste reglar for god tone. Ein byd gjerne utan tanke på at gjesten kanhende ikkje bryr seg um allt ein byd fram. Men blygskap ved bordet som elles i samværet millom neneskje vert meir og meir tilbakelagt stadium.

Sp 41

Sjå under fyregåande sp..

Ei hugsar frå eigi røynsla ikkje lenger unna enn 1908 at ein var beden ut einstad og ei smågjenta skulde halda ein med selskap medan dei stellte til maten, men gjenta sovna og gjesten sat keidsamt og såg framfyre seg i timesvis.

So skikken har ialfall vore at nokon skulde vera inne med gjesten både fyrr maten kom på bordet og medan ein åt. DEi skulde ikkje sitja slik at "dei talde maten" i ein, som dei sa.

Å segja visse år som skikkane skifte er ugjørleg, det kunde vera heimar der nye skikkar kom inn nokso tidleg, medan dei sume stader heldt seg 10 - 20 år lenger, allt avhengig av mentaliteten hjå familjens husbodsnfolk og um dei hadde vore meir ute i verdi eller berre sete i si kro heile vegen.

Difor so vanskeleg å setja <sup>dus</sup>tal på skifte i skikk og bruk.

Det er ikkje alltid at avsides gardar har vore dei siste til å gripa nye seder, dei var tevrtom ofte so redde for å verta etterliggjarar at dei skunda med å få det nye inn, gjeld både mat og klær og innbu og skikk. DEi sterkaste og mest ærtstore folk heldt gjerne mest på gamle seder og var stolte av det.

Det er også dei som har gøynt mest gammalt og helde arvem oppe.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnенr.

Fylke :

Tilleggsspørsmålnr.

Herad :

Emne :

Bygdelag :

Oppskr. av :

Gard :

(adresse) :

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR